
Fra: Noralv Askeland <noralvas@gmail.com>
Sendt: 30. november 2016 14:13
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: Re: Vedr. e-post om gebyr, Meland kommune

Kategorier: ARKIVERT I FOKUS

Søknad om nedsetting av gebyr.

Det er nesten to år sidan eg hadde første møte med planavdelinga i kommunen om å byggja på tomten min i Mjåtvitmarka. Det viste seg då at kommunen ikkje hadde oppdaterte kart. Då Walde tok oppgåva med reguleringsplan for Mjåtvitmarka skulle tomten min vera i det området som var regulert for bustadformål. Kommunen krevde ikkje grenseoppgang for reguleringsplanen og grensa vart trekt midt gjennom tomten min.

I mitt første møte med Anne Lise Nes Olsen (og ein jurist v/byggesaksavdelinga som seinare har slutta) ,vart eg fortalt at eg måtte legge ut for planarbeidet og seinare saksøkja kommunen for å få tilbake pengane. Eg påpeikte med ein gong kor feil eg tykte dette var. Anne Lise Nes Olsen meinte at denne saka kanskje kunne behandlast administrativt og dermed unngå ekstra arbeid, Eg betalte Vest oppmåling for å måle inn tomten. Dette var ikkje på eit kartformat som kommunen ville godta. Ing. Atle Utkilen vart engasjert for å leggja dette på eit format som passa kommunen. (kommunen var sterkt overarbeidd med ny kommuneplan). Kommunen påla Utkilen, i fleire møter, nye oppgåver utan at eg var orientert. Etterkvart vart det tilnærma utarbeid full reguleringsplan og eg får ein rekning på 85 000 kr. I tillegg betalte eg kr. 45 000 til Vest oppmåling. I følge Utkilen er det meste av dette arbeidet heilt unødvendig. Han foreslo at eg tar kontakt med kommunen for å få reduserte avgifter og gebyr pga utgiftene eg er påført, slik at me slepp saksøking.

Eg ber med dette at mine utgifter blir trekt fra dei tre fakturane som kommunen no har sendt meg. Dei fagfolka me har brukt til å utarbeida planane våre er alle samde om at her er det gjordt eit svært dårlig arbeid frå kommunen si side. Det har påført store kostnader og mykje unødvendig arbeid både for mine folk og kommunen sjølv.

Frå august har me vore særskilt godt nøgd både med framdrift og handtering av saka frå kommunen si side. Me har vorte møtt på ein god måte med greie krav og god hjelp til å få søknaden igjennom.

Med venleg helsing

Noralv Askeland

On 28 Nov 2016, at 2:51 PM, Marianne Aadland Sandvik <marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no> wrote:

Hei

Viser til e-post der du ber om å drøfte utlegg som du er påført av Meland kommune. Ein kan ikkje klage på eit gebyr, men ein kan søkje om å få gebyret satt ned. Søknaden må grunngjenvæst. Du kan søkje med å svare meg på denne e-posten, så legg eg den til på saka.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

<image001.png>